

Dato	Elevkode	Kjønn:	Det første språket du lærte:	
14.2.14	1614	jente ☒ gut ☐	norsk ☒ anna ☐	1. utkast

Leksefri

Kvifor har vi lekser?

Kvifor skal barn sitte inne å bruke fritida si på dette?

Fyrst har vi ein 6 timar lang skuledag, så meiner lærarane at vi skal heim å sitte i enda fleire timar for å gjere lekser. Dei timane på skulen synes i vertfall eg er nok. Barn må få gjere andre ting enn berre skule, vi må få ha det artig, vere med venner og familie.

Mange lærarar synest vi skal bruke minst to timar på lekse vår. Det synes eg ikkje er greit. Det blir for mykje. Eg synes det burde vere eit klart skille mellom skule og fritid. Vi har andre hobbier, som vi heller vil gjere. Viss ein har prøver eller framføringer kan ein øve på det. Men eg synes ikkje vi skal ha noko meir lekse da. Skulearbeid gjer oss slitne, sure og vi for lite energi. Og viss ein ikkje klarer lekse, eller må bruke lang tid, får ein dårlegare sjølvtilitt. Vi kan heller ha ein time ekstra på skulen, å repeter det vi har gått igjennom den dagen. Eller ha arbeidsplan.

Sjølvsagt kan jo dei som har lyst eller synest dei treng å gjere lekser, få lov til det. Men det er ikkje alle som har foreldre som er heime heile tida, og som kan hjelpe dei med leksene. Og sjølv om dei har foreldre heime, er det ikkje sikkert dei veit alt. Dersom foreldra har bra utdanning er det tre gonger så stor sjans for att ungane deira får bra utdanning også. Men på skulen så kan alle få like god hjelp. Det er skulen som har ansvar for at elevene skal lære, ikkje foreldra. Alle klarer ikkje å jobbe like fort, eller har like god hukommelse, så lærarane burde gå meir inn i kvar enkel elev og gi dei det arbeide dei bør ha. Fordi lite arbeid for ein elev, kan vere ekstremt mye jobb for ein annan.

Det har vore ein undersjøking, og det beviser at skuleelevar er meir fokusert på skulen utan lekser. Dei blir i betre humør, og lærer fortare det dei driv med.